

---

**Fra:** Silje Aileen Hjortland Haukedal  
**Sendt:** fredag 15. mars 2019 14:19  
**Til:** 'Lene Marie Sunde'  
**Kopi:** Stian Marøy; Ingrid Didriksen; Einar Færø  
**Emne:** sak 19/34 - omsorgsbustader Manger

Hei,

Visar til tilleggsdokumentasjon motteke 12.03.2019.

Privat uteoppfallsareal må visast betre på situasjonsplan/utomhusplan.

Som det kjem fram av mangelsbrev datert 21.01.2019 er det krav til 50 kvm per bueining, jf kommunedelplan for Manger pkt. 5.

Kravet til uteoppfallsareal gjeld privat uteareal.

I situasjonsplanen er det ikkje definert kor mykje uteoppfallsareal som privat og kor mykje som er felles.

Dersom det ikkje er mogleg å etablere 50 kvm privat uteoppfallsareal per bueining må det søkast dispensasjon frå kravet i kommunedelplan for Manger pkt. 5.

Det må visast i situasjonsplanen kor mykje privat uteoppfallsareal kvar bueining har, og kor mykje som er felles.

Saka har vore på høyring i eldrerådet og kommunalt råd for funksjonshemma. Dei har kome med følgjande uttale i saka;

*«Fungerande leiar teknisk forvaltning, Silje Haukedal, og kommunalsjef Grete Herøy, orienterte om prosjektet og svara på spørsmål.*

*Dei fire bueiningane som står på eigedomen i dag skal rivast, og det skal byggast fem nye - alle med ein storleik like i underkant av 50 kvm og tilpassa dagens krav til universell utforming. Det vert også lagt til rette for eit lite vaktrom i tilknytning til bustadane. Alle bueiningane skal ha privat uteoppfallsareal.*

*Rådet drøfta storleik på den private uteplassen, og konkluderte med at den bør vera på ca 20 kvm for at rullestolbrukarar skal kunne bruka utearealet på ein funksjonell måte. Fungerande leiar teknisk forvaltning opplyste at kommunen ventar på ein situasjonsplan for uteplass til bueiningane.*

*Rådet var også opptatt av at utrykningskjøretøy og drosje må ha god tilkomst til bueiningane, og at det må vera tilfredsstillande parkeringsplass. Det vart også ytra ønskje om levegg i staden for hekk mellom bueiningane. Det vart vidare peika på at ei mindre justering av arealgrensene for eigedomen vil gjera det lettare å få like stort uteareal for alle bueiningane.*

*Kommunalsjefen opplyste at bustadprosjektet skal til godkjenning i hovudutvalet 10. april. Ho håpar rivinga kan koma igang like før eller etter sommarferien i år, og bueiningane kan stå ferdig til sommaren 2020.*

*Eldrerådet slutta seg til saka slik ho føreligg, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.»*

Ber om at oppdatert situasjonsplan blir sendt inn innan 22.03.2019.

Med helsing

Silje Haukedal  
Konst. Leiar teknisk forvaltning

**Radøy kommune**

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no)

